



Hardangerrådet iks



RÅDSMEDLEMMENE OG LEIAR I RÅDMANNSFORUM

INNKALLING TIL RÅDSMØTE

Dato: Tysdag 13.03.2018

Klokka 09:30 – 10:30

Stad: Telefonmøte

Ekstraordinært møte utanom møteplanen.

Saker til Handsaming:

HR-sak 8/18 Prioritering av søknader til Skjønsmidler frå Fylkesmannen i Hordaland i Hardangerrådet sine eigarkommunar.

MRK. Kommunane har frist til 16.03.2018 for innsending av søknader om skjønsmidler. Frist for innsending av søkandene til Fylkesmannen i Hordaland er fredag 16.03.2018. Fleire av søknadene er ikkje ferdigstilte, men gjev oss nok informasjon til å kunne føreta intern prioritering.

Kinsarvik 10.03.2018.

**Hans Petter Thorbjørnsen/s
Rådsordførar**

**Jostein Eitrheim
Dagleg leiar**

Saksutgreiing til møte i Hardangerrådet iks Regionrådet 13.03.2018

HR-sak 8/18 Prioritering av søknader til Skjønsmidler frå Fylkesmannen i Hordaland i Hardangerrådet sine eigarkommunar.

Oversikten under syner at det vert sendt 7 søknader om Skjønsmidler 2018 til Fylkesmannen i Hordaland. Med bakgrunn i dei prioriterte områda i brevet frå Fylkesmannen så meiner eg alle prosjekta er innanfor rammene for slik støtte. Det vert søkt om tilsaman 4.646.600 kr

Oversikt:

Prosjekt	Deltakarar	Søknads kommune	Søknadsum (50 % av kostnad)	Intern prioritering	Vedtak om prioritering
Forstudie som grunnlag for ein større utviklingsplan for heile Kvamskogen	Kvam Samnanger	Kvam herad	100.000	6	
Utarbeiding av kommuneplanens samfunnsdel for nye Ullensvang kommune	Jondal Odda Ullensvang	Odda kommune	1.000.000	3	
Ny overordna ROS- analyse for Ullensvang kommune	Jondal Odda Ullensvang	Ullensvang herad	200.000	2	
100% ekstra ressurs til ny elev frå EØS land	Ulvik Herad	Ulvik Herad	321.600	7	
Ei ny løysning med felles fagsystem for kommunane	Eidfjord Ulvik	Ulvik herad	1.500.000	4	
Prosjekt Granvin 2020 Frå kommune til bygd	Granvin	Granvin herad	300.000	5	
Støtte til lokale/interkommunale tiltak for utvikling av framtidsetta og gode omsorgstenester.	Jondal Odda Ullensvang	Ullensvang herad	1.225.000	1	
			4.646.600		

Vurdering:

Sett frå mi side som regionalpolitisk koordinator så prioriterer eg fellesprosjekt som ligg innanfor satsingsområda og deretter kommuneinterne prosjekt.

I retningslinene for tildeling av prosjektskjøn 2018 har Fylkesmannen gjeve slik prioritering av satsingsområder:

Særlege område som vi elles ønskjer å prioritera for 2018 er:

Satsingsområde

Kommunesektoren er i sterk omstilling med utfordringar knytte til økonomi, innsparing av kostnader, rekruttering av relevant fagkompetanse og målsetjing om å effektivisera drifta. Kommunesamarbeid, bruk av ny teknologi og meir føremålstenleg organisering av arbeidet er tiltak som kan bidra til å utvikla og modernisera kommunesektoren.

Fylkesmannen ynskjer å stimulera kommunane til prosessar innan og mellom kommunar for å kunne utvikle tenestetilbodet og få betre økonomi i drifta. I hovudsak prioriterer vi å støtte

samarbeidsprosjekt som omfattar fleire kommunar, mellom anna for at prosjektmidlane skal få større nedslagsfelt og gi betre læringseffekt.

I åra 2015 - 2017 er ein del av skjønnsramma gitt til satsinga mot barnefattigdom. Kommunane Askøy, Fjell, Bergen, Ullensvang og Kvinnherad har fått økonomisk støtte til å prøva ut ulike strategiar i arbeidet mot fattigdom i barnefamiljar. Vi legg også for 2018 opp til å gi ein del av skjønnsramma til dette føremålet som ei eiga fordeling, utanom ordinært prosjektskjøn.

I tillegg til dette ynskjer vi å prioritera følgjande område for 2018:

1. Støtte til lokale/interkommunale tiltak for utvikling av framtidretta og gode omsorgstenester.
2. Samfunnstryggleik og beredskap.
3. Tiltak innan miljø- og landbruksområdet, klimatilpassing og tiltak for å redusera klimagassutslepp, t.d.:
 - planlegging av infrastrukturelle skogbrukstiltak mot ras, flaum og storm
 - tiltak etter vassforskrifta
 - planlegging av biogassanlegg som del av interkommunal avfallshandtering i samarbeid med landbruket
4. Interkommunalt planarbeid, t.d.:
 - interkommunalt planarbeid i kommunar som skal slå seg saman
 - prosjekt om kommunale planverktøy / GIS
 - om oppdrett / akvakultur
 - om massedeponi
5. Samarbeidsprosjekt av større omfang innanfor IKT og digitalisering som bidreg til at alle kommunane (fylkesnivå/regionnivå) får tilgang til felles kompetanse- og teknologiplattformar.
6. Interkommunale utviklingsprosjekt som bidreg til effektivt tenestesamarbeid i regionar/ område der det har oppstått uføresette endringar som følgje av kommune-reforma.

Dei innkomne søknadane er derfor prioritert slik høgre kolonne viser. Det er teke hensyn til kommuneinterne prioriteringar dersom slike finst.

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet har i møte 13.03.2018 gjort slik prioritering mellom dei framlagde søknader om skjønsmidlar frå Fylkesmannen:

1. *Støtte til lokale/interkommunale tiltak for utvikling av framtidssretta og gode omsorgstenester i Ullensvang kommune*
2. *Ny overordna ROS- analyse for Ullensvang kommune*
3. *Utarbeiding av kommuneplanens samfunnsdel for nye Ullensvang kommune*
4. *Ei ny løysning med felles fagsystem for kommunane Eidfjord og Ulvik*
5. *Prosjekt Granvin 2020 Frå kommune til bygd*
6. *Forstudie som grunnlag for ein større utviklingsplan for heile Kvamskogen Kvam herad*
7. *100% ekstra ressurs til ny elev frå EØS land Ulvik herad*

Vedlegg:

Søknader om skjønsmidlar.